



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

## REISELIVET I HORDALAND – STATUS OG UTVIKLINGSTREKK 2003

- og nokre år tilbake i tid



*Rapporten er utarbeidd i samarbeid med arbeidslaget Lokalsamfunnsutvikling.*

Hordaland fylkeskommune,  
Arbeidslaget Analyse, utgreiing og dokumentasjon, mai 2004.  
[www.hordaland-f.kommune.no/ru/aud/](http://www.hordaland-f.kommune.no/ru/aud/)

**INNLEIING**

Rapporten gir eit oversyn over utviklinga i reiselivet i Hordaland i 2003 og nokre år lenger tilbake i tid.

Mesteparten av informasjonen, inkl. figurar og ein del formuleringar, er henta direkte frå nettstaden Statistikknett.com/ Reiseliv@Hordaland, ei teneste for reiselivsstatistikk som Hordaland fylkeskommune abbonnerer på.

Mesteparten av informasjonen og mange av figurane kan hentast frå nettstaden:

<http://www.statistikknett.com/hordaland/>

Noko supplerande informasjon (s. 19-23) er henta frå andre kjelder.

Rapporten er også tilgjengeleg frå arbeidslaget for Analyse og utgreiing sine nettsider:

<http://www.hordaland.no/ru/aud/>

**INNHALD:**

	<u>Side:</u>
Samandrag: Færre overnattingar, men oppgang i cruise .....	3
Mest vanlege overnattingsform: "På hytta" .....	3
Færre hotellovernattingar .....	5
Sommarsesongen juni-august .....	6
Færre gjestar frå utlandet .....	6
Tyskland og Storbritannia største utanlandsmarknader .....	8
Ferie- og fritidsovernattingar .....	11
Lågare prisar og lågare kapasitetsutnytting .....	13
Gjennomsnittleg hotellopphald: 1,63 døgn .....	14
Camping og hyttegrender mindre viktig i Hordaland .....	15
Hytteformidling: 185 000 overnattingar i Hordaland .....	16
Flest hytter i Kvam .....	16
Færre besøkande til dei tradisjonelle turistattraksjonane .....	21
Cruiseturismen aukar .....	23
Hurtigruta og internasjonale ferjesamband .....	23
Turistkonsum .....	24
Kjelder/ meir informasjon .....	25
Definisjonar .....	25

### Samandrag: Færre overnattingar, men oppgang i cruise

Den samla kommersielle overnattingstrafikken i Hordaland var 3,7 prosent lågare i 2003 enn året før. Både for hotell, campingplassar og hytter gjekk overnattingstrafikken ned. Det var også ein trafikkreduksjon om ein ser berre på sommarmånadene. Når det gjeld hotellovernattingar var nedgangen særleg sterk i reiselivsregionane Sunnhordland, Osterfjord/ Bjørnefjorden og Nordhordland, medan det var ein viss auke i Bergen og Sotra/ Øygarden. I den regionen der turismen har størst betydning, Hardanger, var det også ein liten nedgang i trafikken.


Biletet av stagnasjon i turisttrafikken vert forsterka av at besøket ved fleire av Hordaland sine største kultur/ opplevingsattraksjonar har gått ned dei siste åra.

Hordaland sine naturbaserte attraksjonar – for det meste fossar – ser derimot ut til å vere om lag like populære som tidlegare.

Cruisetrafikken til Hordaland er eit lyspunkt; den aukar år for år. I 2003 vart Bergen besøkt av 50 000 fleire cruisepassasjerar enn i 1999.


### Mest vanlege overnattingsform: "På hytta"

Hordaland hadde omlag 5,2 millionar overnattingar i hytte, hotell og camping i 2002.



Figuren viser fordelinga mellom hytte-, hotell- og campingovernattingar i Hordaland. 2002. Prosent.

Dei 26 000 private hyttene i fylket er antatt å gi vel 3,1 millioner overnattingar - og betyr dermed meir enn hotell, campingplassar og hyttegrender (utleiehytter) til saman.




Figuren viser samla hytte-, hotell- og campingovernattingar, fordelt på overnattingsmåte. Fylke. 2002. (Millionar overnattingar).

Campingplassane står for berre rundt 8 prosent av dei samla overnattingane i fylket.

Hotella har ein marknadsandel på 33 prosent – noko som også omfattar mykje kurs- og yrkestrafikk.

Hyttetraffikken er desidert størst - med ein berekna andel på 59 prosent av overnattingsmarknaden i Hordaland. Hovudtyngda av dette er nordmenn sin bruk av eiga hytte.




Figuren viser hotellovernattingar som andel av samla overnattingar. Fylke. 2002. Prosent.

Hotellovernattingar betyr mest i fylke med storbyar/ landsdelsenter. Det er berre i Oslo/ Akershus at hotellovernattingar utgjer meir enn halvparten av dei totale overnattingane.

## Færre hotellovernattingar


Etter ein topp på 1 741 000 i 1998 har talet på hotellovernattingar i Hordaland gått ned nesten kvart år, til 1 646 000 overnattingar i 2003.



Figuren viser hotellovernattingar i alt; Hordaland og konkurrentindeks. 1995-2003. (1000 overn).

Konkurrentindeksen viser kor mange hotellovernattingar Hordaland skulle hatt dersom fylket hadde hatt same vekst som Vestlandet som heilskap, dvs om Hordaland sin marknadsandel hadde vore konstant heile tida.

For hotellovernattingar har Hordaland ein marknadsandel i Norge på litt over 10 %, medan marknadsandelen på Vestlandet er på litt over 40 %. Begge marknadsandelar er høgare enn Hordaland sin andel av folketalet i dei respektive områda.




Figuren viser Hordaland sin marknadsandel på landsbasis og i konkurrentområdet; hotellovernattingar i alt 1995-2004. Prosent.

Hordaland sin andel av hotellovernattingane på Vestlandet har gått litt ned dei seinare åra, medan marknadsandelen på landsbasis har vore nær uendra.

### Sommarsesongen juni-august

I sommarsesongen juni-august 2003 hadde hotella i Hordaland 680 000 overnattingar, medan det var 292 000 overnattingar ved campingplassane. For hotella ga sommaren ein nedgang på 6 prosent i høve til året før. For campingplassane gjekk trafikken ned med 4 prosent.


Vel 40 % av hotellovernattingane i fylket, og 3 av 4 overnattingar på campingplassar, fann stad i sommarsesongen i 2003.




Figuren viser talet på hotellovernattingar i sommarsesongen (juni-august) i høve til overnattingar heile året, i Hordaland i perioden 1995 – 2003.

### Færre gjestar frå utlandet


Den samla kommersielle trafikken frå utlandet gjekk ned med 3,4 prosent i 2003. Fylket hadde 34 000 færre utanlandske overnattingar enn i 2002. Det var nedgang både for hotell, campingplassar og hytter siste år. Sidan slutten av 1990-talet har talet på hotell- og campingovernattingar gått ned, medan hyttegrender og hytteformidling har hatt ein viss vekst.




Figuren viser utviklinga i talet på kommersielle utanlandske overnattingar i Hordaland i alt. 1998-2003. (1000 overn).



Figuren viser kommersielle utanlandske overnattingar i Hordaland, etter overnattingsmåte. 1998-2003. (1000 overnattingar)



Figuren viser talet på norske hotellovernattingar i Hordaland, og konkurrentindeks. 1995-2004. (1000 overn).




Figuren viser talet på utenlandske hotellovernattingar i Hordaland, og konkurrentindeks. 1995-2004. (1000 overnattinger).

Samanlikna med dei tre andre vestlandsfylka (som utgjør Hordaland sitt konkurrentområde), har Hordaland hatt ei litt dårlegare utvikling. Dette skuldast like mykje at dei tre andre vestlandsfylka har auka sin marknadsandel, som at Hordaland har tapt. Samanlikna med heile landet har Hordaland auka sin andel av utanlandske hotellovernattingar; til 13,3 %. Dette er den høgaste marknadsandelen for utanlandske overnattingar Hordaland har hatt i den perioden Statistikknett har tal for (sidan 1995). Når det gjeld innanlandske hotellovernattingar er Hordaland sin marknadsandel derimot uendra eller litt redusert, til 9,4 % i 2003.


### Tyskland og Storbritannia største utanlandsmarknader

Tyskland og Storbritannia er dei desidert største utanlandsmarknadene for hotella i Hordaland - følgt av USA, Spania og Frankrike (2003). Målt etter marknadsandelen for turisttrafikk til Norge står fylket sterkast på den japanske marknaden, og marknadsandelen er også høg for turisttrafikk frå Spania, USA og Storbritannia.




Figuren viser dei største utenlandsmarknadene for hotellnæringa i Hordaland. 1995-2003. (1000 overnattingar)


Sidan midten av 1990-talet har talet på gjestar frå Tyskland og Japan gått ned, medan det har vore vekst i trafikken frå Storbritannia og Spania.



Figuren viser utlandsmarkedene etter storleik. 2003. Hordaland. (1000 overn).




Figuren viser Hordaland sin marknadsandel på landsbasis for dei viktigaste utlandsmarkedene. 2003. Prosent.




Figuren viser gevinst/ tap på utlandske marknader i 2003 i høve til året før. Hordaland. Overnattingar i alt.


Tyskland og Storbritannia er dei største utlandsmarknadene for hotella i Hordaland, medan Spania er den av dei større marknadene som har hatt størst auke. Dei tre figurane nedanfor viser utviklinga i turisttrafikken til Hordaland frå desse tre viktige landa.



Figuren viser talet på britiske hotellovernattingar i Hordaland, og konkurrentindeks. 1995-2003. (1000 overn).



Figuren viser tyske hotellovernattingar i Hordaland, og konkurrentindeks. 1995-2003. (1000 overn)




Figuren viser spanske hotellovernattingar i Hordaland, og konkurrentindeks. 1995-2003. (1000 overn)

### Ferie- og fritidsovernattingar

Hotellovernattingar vert ofte delt i tre kategoriar:

- Ferie- og fritid
- Kurs og konferansar
- Yrkesføremål

I hovudsak er det ferie- og fritidsovernattingane som utgjer det ein vanlegvis forstår med "turisme", der gjestane bestemmer reisemålet sjølv og betalar sjølv. Overnattingar til "yrkesføremål" og mykje av overnattingane i samband med kurs og konferansar er i regi av verksemdar eller organisasjonar.




Figuren viser ferie- og fritidsovernattingar i Hordaland, og konkurrentindeks. 1995-2003. (1000 ov).


	2002	2001	2000	1999	1998
Nordhordland	70,2	76,4	69,4	49,5	53,5
Osterfj/Bjørnefjord	59,6	51,8	44,4	37,7	55,6
Sotra/Øygarden	43,1	48,2	58,4	34,3	28,3
Voss	86,2	70,0	81,7	75,3	74,6
Hardanger	75,0	71,7	75,3	74,1	79,1
Bergen	46,6	46,1	45,3	50,4	46,9
Sunnhordland	41,7	43,2	41,7	51,4	55,4
<b>Hordaland</b>	<b>54,2</b>	<b>52,1</b>	<b>52,5</b>	<b>54,8</b>	<b>54,0</b>

Tabellen viser ferie- og fritidsovernattingar i reiselivsdistrikta i Hordaland som prosent av det totale talet på overnattingar.

For Hordaland ligg andelen ferie- og fritidsovernattingar stabilt på litt over 50 %. Kor viktige ferie- og fritidsovernattingane er varierer mellom regionane. Berre i Bergen utgjør ferie- og fritidsovernattingar alltid ein lågare andel av totalovernattingane enn dei gjer på fylkesnivå. I Hardanger og i Voss er ferie- og fritidsturisme svært viktig, med 70 – 80 % av alle overnattingar kvart år. I dei andre regionane varierer andelen ferie- og fritidsturisme ein del frå år til år, sannsynlegvis på grunn av at det her er relativt få hotell og tilbodet varierer.




Figuren viser kurs- og konferanseovernattingar i Hordaland, og konkurrentindeks. 1995-2003. (1000 overn)



Figuren viser yrkesovernattinger i Hordaland, og konkurrentindeks. 1995-2003. (1000 overnattings).


Også ferie- og fritidsovernattingerne i Hordaland har gått ned sidan 1999, medan konkurrentfylka på Vestlandet ikkje har hatt den same nedgangen.

### Lågare prisar og lågare kapasitetsutnytting




Figuren viser inntekt per overnatting, i Hordaland, Vestlandet ("konkurrenter") og Landet. 1995- 2004. Kroner (faste prisar).

Ikkje berre har talet på hotellovernattingar gått ned dei siste åra, men prisane har også gått ned. I gjennomsnitt ligg prisane i Hordaland litt over landsgjennomsnittet, men lågare enn gjennomsnittet for dei andre vestlandsfylka. Det høgare prisnivået for konkurrentfylka skuldast i stor grad høgt prisnivå i Rogaland.



Figuren viser inntekt per overnatting i fylka. 2003. Kroner

I 2003 var hotellprisane høgast i Akershus, Rogaland og Oslo, medan dei tunge reiselivsfylka Buskerud og Oppland har relativt låge prisar.



Figuren viser kapasitetsutnytting for rom; Hordaland og konkurrentar. 1995-2004. Prosent.

Med nedgåande volum er det ikkje uventa at også kapasitetsutnyttinga i hotella i Hordaland går ned. Kapasitetsutnyttinga er likevel høgare i Hordaland enn landsgjennomsnittet og høgare enn gjennomsnittet for dei vestlandske konkurrentane.

I 2003 var kapasitetsutnyttinga størst ved hotella i Oslo, Troms, Sør-Trøndelag og Hordaland.

### Gjennomsnittleg hotellopphald: 1,63 døgn

Gjennomsnittleg opphaldstid ved hotella i Hordaland har dei siste ti åra vore uendra eller litt aukande. I 2003 budde dei norske gjestene på hotella i Hordaland i gjennomsnitt i 1,63 døgn om gongen, medan talet for utanlandske gjester var 1,68.

Størst gjennomsnittleg opphaldstid var det ved hotella i Buskerud, Hedmark og Oppland. I desse fylka har dei utanlandske gjestene mykje lenger gjennomsnittleg opphaldstid enn dei norske.

	Opphaldstid per gjest. Fjord-Norge. Regionar. 2003 og 2002.			
	Tal netter			
	Utanlandske gjester		Norske gjester	
	2003	2002	2003	2002
Sunnhordland	3,12	2,46	1,56	1,65
Sotra/Øygarden	2,88	2,57	2,12	1,98
Jensbua SF	2,51	2,65	1,22	1,22
Jæren/Stavanger	2,18	2,20	1,64	1,63
Osterfj/Bjørnefjord	2,01	3,49	1,69	1,98
Voss	1,86	1,60	1,45	1,50
Dalane	1,84	1,95	1,50	1,51
Nordhordland	1,83	1,81	1,51	1,44
Nord-Rogaland	1,72	1,90	1,59	1,50
Molde region	1,71	1,79	1,43	1,51
Hardanger	1,65	1,67	1,51	1,54
Bergen	1,62	1,58	1,68	1,69
Ålesund region	1,50	1,65	1,49	1,53
Nordfjord	1,48	1,47	1,48	1,51
Kr.sund/Nordmøre	1,44	1,49	1,44	1,49
Vestkysten SF	1,41	1,99	1,35	1,59
Ørsta/Volda	1,39	1,60	1,40	1,35
Sognefjorden	1,34	1,43	1,36	1,40
Sunnfjord	1,28	1,33	1,50	1,56
Ryfylke	1,23	1,54	1,47	1,76
Geirangerfj/Trollstig	1,20	1,21	1,46	1,41

Tabellen viser gjennomsnittleg opphaldstid for gjester i reiselivsdistrikta på Vestlandet, rangert etter distrikt med størst gjennomsnittleg opphaldstid for utanlandske gjester i 2003.

"Jensbua SF": Gulen, Solund, Høyanger, Hyllestad, Askvoll og Fjaler.

Forskjellen mellom regionane er til dels store, særleg når det gjeld utanlandske gjester. Ei forklaring kan vere at regionar med stort innslag av buss- og pakketuristar på rask gjennomreise, som Geirangerfjorden/Trollstigen og Sognefjorden, har mange korte hotelopphald. Mange av regionane med høgare gjennomsnittleg opphaldstid er kystregionar med lågare volum, der individuelle ferieopplegg, t.d. i samband med fiske, betyr relativt meir.

### Camping og hyttegrender mindre viktig i Hordaland

Hordaland står for ein låg andel av camping- og hyttegrendturismen i Norge, særleg når det gjeld norske gjester. I 2003 var det 368 000 overnattingsdøgn ved campingplassane i Hordaland, likt fordelt mellom norske og utanlandske gjester.

	2003	2002	Antall			Endring		Overn per innb 2003
			2001	2000	1999	Siste år %	Fra 1999 %	
Landet >>	7848388	7864682	7508175	7495016	7467065	0	5	1,7
Sogn/Fjordane	572357	570526	560949	488869	511012	0	12	5,3
Møre/Romsdal	458963	437168	418272	425483	419070	5	10	1,9
Hordaland	391533	413591	407905	409170	438035	-5	-11	0,9
Rogaland	336628	343887	305330	334232	360435	-2	-7	0,9

Tabellen viser talet på overnattingar på campingplassar/ hyttegrender i vestlandsfylka og i landet, 1999-2003.

Oppland er det viktigaste fylket for camping og hyttegrender, særleg for norske gjester.

### **Hytteformidling: 185 000 overnattingar i Hordaland**

Det vart i 2003 formidla 185 000 overnattingar i private hytter i Hordaland. Fylket hadde ein marknadsandel på 13,5 % av dei private hytteformidlingane i landet.

Totaltalet på privatformidla hytteovernattingar har vore stabilt eller stigande dei seinare åra, og Hordaland sin marknadsandel har vore svakt aukande.

*Statistikken over hytteformidlarar omfattar utleige av private hytter formidla gjennom organiserte hytteformidlarar (som t.d. Norsk Hytteferie mv). Statistikken vart etablert i 1999 og er under oppbygging. Rapporteringa er førebels ikkje fullstendig.*

### **Flest hytter i Kvam**


I Hordaland var det registrert vel 26 000 private fritidshytter i byrjinga av 2003. Det utgjorde 7,2 prosent av fritidshyttene i landet. Dermed har Hordaland ein lågare andel av fritidshyttene i landet enn av hotellovernattingane, men ein større andel av hyttene enn av campingovernattingane. I tillegg til desse private hyttene kjem hytter bygd for utleige, campinghytter og hytter i hyttegrender mv.

I høve til folkemengda er hyttetettleiken lågare i Hordaland enn på landsbasis - og også lavare enn i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I høve til landarealet er hyttetettleiken derimot større enn på landsbasis - og også større enn i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Rogaland har færre hytter per innb. enn Hordaland, men fleire per kvadratkilometer.

-----

Flest private hytter i Hordaland finn vi i Kvam - der det var registrert nesten 2300 hytter i 2002. Sett i høve til folketalet er hyttetettleiken høgast i Eidfjord - med 31 hytter per 100 innbyggjarar. I høve til landarealet er hyttetettleiken størst i Fjell, Meland og Askøy - med om lag 11 hytter per kvadratkilometer.

REISELIVET I HORDALAND – STATUS OG UTVIKLINGSTREKK 2003




Figuren viser talet på fritidshytter i alt i kommunane i Hordaland. Januar 2002

REISELIVET I HORDALAND – STATUS OG UTVIKLINGSTREKK 2003




Figuren viser talet på fritidshytter per 100 innb., kommunar i Hordaland. Januar 2002




Figuren viser talet på fritidshytter per km<sup>2</sup> i kommunane i Hordaland. Januar 2002

Hyttebygginga var størst i Kvam i åra 1998-2002, med vel 4000 kvadratmeter nybygg per år i gjennomsnitt. Sett i høve til folketalet var hyttebygginga størst i Eidfjord med 91 kvadratmeter nybygg per 100 innb. Målt i høve til eksisterande hyttebestand var hyttebygginga størst i Fedje.



Figuren viser fullført areal i nybygde hytter. Årleg gjennomsnitt 1998-2002. (1000 Kvadratmeter)



Figuren viser nybygd hytteareal i høve til eksisterande hyttebestand . Kvadratmeter nybygg per 100 hytter. Gjennomsnitt 1998-2002.

### Færre besøkande til dei tradisjonelle turistattraksjonane

		Besøktal		Rangering (1-50)	
		2003	2002	2003	2002
Kultur/ opplevingsattraksjonar:	Fløibanen	364 616		5	4
	Akvariet i Bergen	112 479		23	20
	Troldhaugen, E. Grieg museum	67 099		34	25
	Hanseatisk museum	58 242		41	32
	Hardangervidda natursenter, Eidfj.	57 500		42	36
Naturbaserte attraksjonar:	Vøringsfossen, Eidfjord	650 000		1	1
	Låtefossen, Odda	400 000		3	
	Steinsdalsfossen, Kvam	280 000		7	8
	Stalheim, Voss	275 000		9	5
	Tvindefossen, Voss	196 100		13	10
	Fossen Bratte, Samnanger	55 300		21	19


Tabellen viser dei turistattraksjonane i Hordaland – kultur/opplevingsattraksjonar og naturbaserte attraksjonar – som er på Norges Turistråd si "50 på topp"- liste for 2003.

Dersom tala frå Norges Turistråd er dekkande, kan det sjå ut til at dei tradisjonelle kultur/opplevingsattraksjonane i Hordaland er i ferd med å bli hengande etter attraksjonar i andre fylke når det gjeld besøktal.

Hordaland sine naturbaserte turistattraksjonar – 5 av dei 6 på lista er fossar - trekkjer derimot framleis mange besøkande. Vøringsfossen er den fremste naturbaserte turistattraksjonen i landet – og Låtefossen og Steinsdalsfossen ligg også høgt på lista. Desse tre ser ut å halde posisjonen ganske bra i høve til tilsvarande attraksjonar i andre fylke.

Dei mest besøkte kultur/ opplevingsattraksjonane i Norge var i 2003 Holmenkollen/Skimuseet (604 436), TusenFryd (451 688) og Kristiansand dyrepark (447 676).

Nest største naturbaserte attraksjon i landet er Trollstigen (484 000).



Figuren viser trafikktviklinga på dei største kultur/ opplevingsattraksjonane i Hordaland 2001-2003. Nedgangen i trafikken på Fløibanen frå 2002 til 2003 skuldast heilt eller delvis innføring av nytt teljesystem.

Alle unntateke Hardangervidda natursenter hadde lågare besøk i 2003 enn i både 2001 og 2002.

Tala for besøkande til dei naturbaserte attraksjonane er usikre sidan dei er basert på teljingar, anslag og berekningar.

Kjelde: Norges turistråd.

Heile 50 på topp- lista finst på <http://www.ntr.invanor.no/> ("Fakta og statistikk/ Fakta om norsk turisme")

**Cruiseturismen aukar**

		1999	2000	2001	2002	2003	2004
Anløp, skip:	Bergen	138	173	195	192	210	213
	Eidfjord	20	16	19	14	26	
	Jondal	2	1	3			
	Ulvik	14	17	17	17	34	
Passasjerar:	Bergen	84 411	98 671	104 766	123 369	136 329	

2004: Melde anløp.

Cruiseturismen til Hordaland har auka jamt dei seinare åra, både i talet på anløp og i talet på passasjerar.

Bergen er den dominerande anløpsstaden i Hordaland, med meir enn 3/4 av anløpa (2003). Utanom Bergen er det berre nokre få kommunar i Hardanger som får anløp av cruiseskip.

Kjelder: SNF/ Cruise Norway/ Hordaland fylkeskommune/ NrK Hordaland/Boarding.no

**Hurtigruta og internasjonale ferjesamband**

I 2003 reiste i alt 528 543 passasjerar med Hurtigruta, ein auke i høve til 2002, som igjen hadde ein auke i høve til året før. 87 659 (17 %) av passasjerane gjekk om bord i Bergen, 71458 (14 %) gjekk i land i Bergen.


Dei faste internasjonale ferjerutene frå Bergen spelar ei viktig rolle for passasjertrafikken, og dermed for reiselivet i Hordaland. Bergen har tre internasjonale ferjesamband:

- Bergen – Hanstholm (Danmark)
- Bergen – Newcastle (Storbritannia)
- Bergen – Shetland – Færøyane – Island

## Turistkonsum

Ved utrekning av "turistkonsum" nyttar ein tilgjengeleg informasjon for å berekne kor stor økonomisk betydning turismen har for kvart einskild fylke. Tala for turistkonsum vil gi eit meir nøyaktig bilde av turismen enn rein overnattingsstatistikk fordi ein eit stykke på veg får fanga opp både kor lenge turistane er ulike stader i landet, og kor stor (økonomisk) aktivitet dei har der.

På grunnlag av dei totale turistkonsumtala kan ein seie at Oslo er det største reiselivsfylket (med Hordaland som nr. 2) på grunn av mange utanlandske forretningsreisande.



Figuren viser turistkonsumet frå utanlandske turistar i vestlandsfylka. 1997.

28 % av turistkonsumet frå utlandet kjem i vestlandsfylka, av dette 11 % i Hordaland.

Ser vi berre på fritidsturisme er Hordaland det største reiselivsfylket med 13 % av landet sitt turistkonsum frå utanlandske besøkande. Tilsvarende tal for Vestlandet (4 fylke) er 33 %. Når det gjeld innanlandsk turisme kjem Hordaland og Vestlandet lenger ned på lista. Hordaland har 7 % av det innanlandske turistkonsumet, Vestlandet 20 %.

Oslo og Akershus har høge tal for både fritidsturisme og forretningsreiser. For Akershus betyr Gardermoen og trafikken dit mykje for nivået på turistkonsumet. "Fjell- fylka" Buskerud og Oppland har også høgt turistkonsum på grunn av stor innanlands fritidsturisme.

Kjelde: SSB: Fylkesfordelt satellittregnskap for turisme

## Kjelder/ meir informasjon

Reiseliv@Hordaland

<http://www.statistikknett.com/hordaland/>

<http://www.statistikknett.com/reiseliv/> (<http://www.reiseliv.nu/>)

SNF: Reiselivsnæringer og turistkonsum i Hordaland

[ftp://ftp.snf.no/Rapporter/2003/R42\\_03.pdf](ftp://ftp.snf.no/Rapporter/2003/R42_03.pdf)

SSB: Fylkesfordelt satellittregnskap for turisme

<http://www.ssb.no/magasinet/analyse/art-2002-04-04-01.html>

Hordaland reiseliv

[www.hordalandreiseliv.no/](http://www.hordalandreiseliv.no/)

Fjord Norge:

<http://www.fjordnorway.com/>

Hordaland fylkeskommune:

Hamneplan for Hordaland. Fylkesdelplan 2004-2013

## Definisjonar

Hordaland sitt konkurrentområde:

Rogaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal (Øvrige "Fjord- Norge").

Jensbua reiselivsdistrikt:

Ytre Sognefjord og Dalsfjord: Gulen, Solund, Hyllestad, Høyanger, Askvoll og Fjaler kommunar.

Vestkysten reiselivsdistrikt:

Flora og Bremanger.

Konkurrentindeks:

Konkurrentindeksen viser kor mange hotellovernattingar Hordaland skulle hatt dersom fylket hadde hatt same vekst som Vestlandet som heilskap, dvs om Hordaland sin marknadsandel hadde vore konstant heile tida.

"Hyttegrender": Hytter til utleige.